

AUSTRHEIM KOMMUNE  
Sætre marka 2  
5943 AUSTRHEIM

---

<b>Dato</b>	28.09.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/72185-4
<b>Dykkar referanse</b>	22/916-2/CMS
<b>Sakshandsamar</b>	Sigrun Wølstad
<b>E-post</b>	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
<b>Telefon</b>	96944535

## Varsel om kulturhistorisk synfaring - dispensasjon frå kommuneplan - veg - gnr. 160 bnr. 22 - Austrheim kommune

Viser til Dykkar brev datert 02.09.2022 med søknad om godkjenning av tiltak i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne knytt til den planlagde traséen, men det er registrert fleire lokalitetar med forhistorisk busetjing i nærområda. Etter ei vurdering av det aktuelle området, finn vi det naudsynt å gjennomføre ei kulturhistorisk synfaring. Før vi kan gje fråsegn til søknaden, må vi vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne.

Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter §§ 3 og 11 i kulturminnelova. Synfaringa av området vil bli gjort så raskt som råd.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*